

NORGES BONDELAG



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Vår saksbehandler
Sissel Fykse
Tlf. 22 05 45 88

Vår dato
2009-08-28
Deres dato
03.07.2009

Vår referanse 2009/00506/003
Arkiv: -D11
Deres referanse 200802290

Høring – forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Norges Bondelag viser til brev 29. juni 2009 frå Miljøverndepartementet med forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Norges Bondelag ser at det kan vera naudsynt med statlege retningslinjer for å få ei heilskapleg og god forvaltning av ein så viktig ressurs som strandsona. Vidare meiner Norges Bondelag det er riktig å differensiera kor strengt strandsonevernet skal vera i høvet til utbyggingspresset i området og er positive til ei gradering av retningslinjene for forvaltninga av strandsona. Norges Bondelag vil likevel understreka at det er dei folkevalte lokalt som best kjenner areala og situasjonen i den enkelte kommune. Kommunen sitt syn på arealforvaltninga bør difor tilleggast stor vekt også i strandsona. Norges Bondelag ber styresmaktene særleg merkja seg kor sentral eigedomsretten og grunneigarrettane er for verdiskaping, sysselsetjing og busetnad.

1. Innleiing

Det følgjer av lov om planlegging og byggesaksbehandling 27. juni 2008 nr. 71 (plan- og bygningslova) § 6-2 at Kongen kan gje statlege planretningslinjer for heile eller delar av landet. Stateleg, regionale og kommunale organ skal leggja retningslinjene til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova og når dei treffer enkeltvedtak etter plan- og bygningslova eller anna lovgjeving.

Miljøverndepartementet har i forslaget til statlege planretningslinjer lagt opp til å dela kystområda i tre ulike grupper, der retningslinjene for praktiseringa av byggjeforbodet vert strengare etter kor stort press departementet meiner det er på areala:

1. Til den første gruppa høyrer kystkommunane i Oslofjordregionen: kysten i Østfold, Oslo, Akershus, Buskerud, Vestfold og Telemark. For desse områda gjeld retningslinjene i utkastet punkt 4.1. I tillegg gjeld rikspolitiske

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-postadresse	Internet:
PB 9354 Grønland 0135 Oslo	Schweigaards gt. 34c Oslo	22 05 45 00	22 17 36 68	bondelaget@bondelaget.no	www.bondelaget.no
Norges Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891		
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.91392		

Vår dato
2009-08-28

Vår referanse
2009/00506/003

retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområde i Oslofjordregionen 9. juli 1993.

2. Til gruppe to høyrer andre sentrale område der presset på arealet er stort. Dette er kysten i Aust-Agder og Vest-Agder og delar av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. I desse områda gjeld retningslinjene i utkastet punkt 4.1. I tillegg skal prinsippa i rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområde i Oslofjordregionen nyttast.
3. Til den siste gruppa høyrer område med mindre press på areala: delar av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag, og kysten i Sogn og Fjordane, Nordland, Troms og Finnmark. For desse områda er det under punkt 5 i forslaget, sett opp eigne retningslinjer.

2. Generelt

Norges Bondelag vil understreka at i store delar av landet er busetnad og næringsutvikling knytt til strandsona. Som det også vert helde fram i Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) side 175, skal byggjeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8 ikkje hindra ei vidare berekraftig utvikling i slike område. Norges Bondelag ønskjer ei utvikling, fornying og verdiskaping i strandsona også i framtida.

For å få ein heilskapleg utvikling og forvaltning av strandsona, ser Norges Bondelag at det kan vera naudsynt med statlege retningslinjer for forvaltninga av ein så viktig ressurs som strandsona. Norges Bondelag vil likevel halda fram at presset på areala i Noreg er svært ulikt og har, som departementet legg til grunn, nær samanheng med kor mange som er busette i området. Ut i frå dette meiner Norges Bondelag det er riktig å differensiera strandsonevernet i høvet til utbyggingspresset i området og er positive til ei gradering av retningslinjene for forvaltninga.

3. Tiltak i landbruket vil verta omfatta av byggjeforbodet

Den vesentlege endringa i strandsoneregelverket for norske bønder er at det tidlegare unntaket for landbruket er teke bort, og at landbrukstiltak no er omfatta av byggjeforbodet i strandsona.

Som det går fram av plan- og bygningslova § 1-8 fjerde ledd og punkt 2 i utkastet, gjeld byggjeforbodet likevel ikkje der kommunen i arealdelen til kommuneplanen har gjeve reglar om oppføring av naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag som skal tena m.a. til landbruk. Vidare er det gjeve overgangsreglar i plan- og bygningslova § 34 åttande ledd, som sikrar oppføring av naudsynte landbrukstiltak i strandsona dei fyrste fire åra.

For at landbruket skal kunna halda fram med drift i strandsona der det er naudsynt å føra opp bygningar eller andre tiltak utan fyrst å måtta søkja om dispensasjon, er det avgjerande at kommunane fastset reglar som heimlar oppføring av naudsynte tiltak. Norges Bondelag

Vår dato
2009-08-28

Vår referanse
2009/00506/003

ber om at sentrale styresmakter følger opp dette regelverksarbeidet i høve til kommunane og sikrar at reglane er på plass før overgangsordninga vert avslutta.

I denne samanhengen vil Norges Bondelag minna om at mange av naturtypane og landskapa som ein ønskjer å ta vare på langs kysten, er avhengig av ei aktiv landbruksdrift også i framtida. Me viser her til det Sogn og Fjordane Bondelag skriv i ei fråsegn i samband med denne høyringa:

”Vi vil elles minne om at det er gardsdrifta og fiskarbonden som har forma ut strandsonene sitt kulturlandskap og bygningsmiljø, gjennom eit haustingsbruk, der dette også har gjeve grunnlag for biologisk mangfald med leveområde for plantar, skog, dyr og fuglebestand. Vi vil også minne om at strandsona i vårt fylke i hovudsak består av landbrukseigedomar eigd av bønder, då med ulike eigartilhøve og driftsopplegg.”

4. Statleg og regional styring av strandsona

Det er kommunane sjølve og dei folkevalte lokalt som best kjenner tilhøvet i kommunen. Dei veit korleis innbyggjarane nyttar areala, kjenner kravet om næringsutvikling og arbeidsplassar, men også ålmenta sitt krav om område for rekreasjon og tilgang til sjøen.

Det er i punkt 3 i retningslinjene lagt opp til at regionale og statlege styresmakter skal leggje ned motsegn mot planar og klaga på enkeltsaker som ikkje er i samsvar med retningslinjene. Noregs Bondelag ser at dette kan vera eit utgangspunkt, men vil be om at Miljøverndepartementet tydelegare tek inn i retningslinjene at det kan tenkjast saker der det bør opnast for utbygging også i dei områda som høyrer til gruppe 1 og 2, jf. punkt 1.

5. Disposisjonar

Som det går fram over, meiner Norges Bondelag at ein bør sjå utviklinga og eventuell utbygging i strandsona i eit større perspektiv. Hovudregelen bør vera at utbygging i strandsona skal skje i samsvar med kommunale arealplanar.

Norges Bondelag vil likevel peika på at kostnadane for å få laga og godkjent ein reguleringsplan, er svært høge. Norges Bondelag meiner difor at det i retningslinjene bør vera ein opning for å dispensera frå plankrav og eventuelt plan, for mindre byggjetiltak med liten verknad for området rundt. Me siterer igjen frå Sogn og Fjordane Bondelag si fråsegn om utkastet til retningslinjer:

”I retningslinjene må det takast omsyn til landbruksnæringa sin trong for næringsutvikling knytt til tradisjonell landbruksdrift og etablering av nye tilleggsnæringar i strandsona sitt 100-metersbelte. Landbruksnæringa må på generelt grunnlag ikkje bli pålagd ein urettvis auka kostnad gjennom krav til ein omfattande kommunal planprosess for slik utbygging. Bygging av t.d. ny driftsbygning, ei ny uleigehytte for fisketurisme, eller hytte for anna bruk og utleige på ein landbrukseigedom, må ikkje automatisk løyse ut full kommunal sakshandsaming gjennom kommuneplan og reguleringsplan.”

Vår dato
2009-08-28

Vår referanse
2009/00506/003

6. Inndelinga av kommunane

Norges Bondelag går ikkje inn på kva areal som bør liggja i den enkelte gruppe. Me vil likevel visa til siste del av høyringsbrevet 29. juni 2009, der det vert opna for at gruppeinndelinga kan endrast. Norges Bondelag meiner gruppene bør vera dynamiske, slik at kommunar kan endra status ut i frå utviklinga i eit område. Dette må gjelda ikkje berre flytting til grupper med strengare retningslinjer, men også at kommunar kan flyttast til grupper med mildare vern og opning for større lokalt sjølvstyre.

Med helsing


Per Gunnar Skorge


Sissel Fykse